

Mosterhamn

KALKSTEINSDRIFTA PÅ MOSTER

Alt i mellomalderen vart det brent kalk i Sunnhordland (②22, ①12). I 1702 tok oberstløytnant DE LILLESCHIOLD frå Bergen til med marmorbrot i Mosterhamn. Han sende marmor til København og vidare til England, Holland og Tyskland. Det var truleg kvinesdølen OLE HANSEN SJÆKKELANDSMOEN (Ole bakar) som tok opp att kalkbrenninga på Moster i nyare tid. Han kom til staden 19 år gammal i 1844. Nokre år seinare bygde han den første kalkkomin. Seinare var det òg andre som starta opp med kalksteinsdrift. I Mosterhamn står enno ein kalkkomin bygd kring 1890 av landhandlar MONS GABRIELSEN frå Valestrand.

Fram mot første verdskrigen var kalksteinsdrifta ei viktig næring i Moster, og fleire omnar vart bygde. Kalksteinen vart brend til murkalk, som for det meste gjekk til Bergen, og til gjødningskalk som særleg vart nytta i Hardanger og Sunnhordland. Ubrend kalkstein vart skipa ut til andre teglverk og brenneri på Vestlandet.

Arbeidet i brota hadde mykje å seia som attåtnering for småbrukarane på Moster. Ein del mostringar byrja òg i fraktesfart, med føring av kalkstein og kalkmjøl.

I mellomkrigstida vart kalksteinsdrifta på Moster meir omfattande. A/S Bjølvefossen i Ålvik tok over drifta i Mosterhamn i 1917.

I den gamle kalkgruva er det i dag bygt ut eit særprega amfi; ein teater- og konsertscene der Mostraspelet om KRISTKONGANE vert framført kvar sommar. Det er eit einestående historisk miljø Mostraspelet utfaldar seg i; ei minneverdig oppleving.

MELLOMALDERLØA I HÅVIK

På eit småbruk i Ytre Håvik, på sørsida av Siggjo, ligg ei gammal løe med umiskjennelege teiken på høg alder. Det er ei grindbygd løe av den typen vi kjenner frå gardane på kysten av Vestlandet gjennom mange hundreår. Det som vekker vår interesse, er det alderdommelege preget ved konstruksjonen. Etter tradisjonen skal denne løa gå attende til 1500-talet, og ser vi på tømmeret i løa, er dette på ingen måte usannsynleg. Heilt attende til forhistorisk tid, til dei første hundreåra av vår tidsrekning, kan vi følgja stavbyggingsteknikken; som har halde seg som ein byggjemåte i naust og løer på vestkysten av Skandinavia fram til vår tid.

MOSTERHAMN er ein av dei gamle, privilegerte handelsstadene som bar lege sentralt i leia, anten skutene segla Langenuen, Nyleia gjennom Fitjar eller inn Hardangerfjorden. Frå forbistorisk tid var Bømlo og Moster den første landkjenninga når ein kom inn frå vest; eit landskap med gode hamner.



Mosterhamn er truleg den eldste handelsstaden mellom Bergen og Stavanger. Bilete frå 1990.

Mosterhamn har i uminnelege tider vore skipshamn. Etter tradisjonen skal dette vera den eldste handelsstaden mellom Stavanger og Bergen. I 1582 la kongen ned forbod mot å selja tømmer til framande nordanfor Mosterhamn. Tømmeret skulle gå til å byggja opp Bergen etter brannen i 1561. I Mosterhamn var det også gjestgjevarstad. I 1747 vart denne lagd til Spissøy, aust for Mosterhamn, men i 1797 vart han flytta attende. Den lune

vågen i Mosterhamn var for liten for store skuter, så desse ankra ofte opp ved Spissøy, og sjøfolka rodde inn til Mosterhamn om kveldane. Av den gamle handelsstaden står i dag ein halvvalma hovudbygning og eit sjøhus. Inst i vågen låg det ein tollstasjon under Bergen tolldistrikt. Han vart bygd ut i 1859 og overtok etter den nedlagde tollstasjonen på Eldøy ved Stord (①98). Tollstasjonen i Mosterhamn vart nedlagd i 1900. □



Mosterhamn i 1924.